Språk: Nynorsk (Noreg)

Innspelsskjema til Noregs tredje periodiske rapport om UNESCOs 2003-konvensjon

Bidra til Noregs rapport om immateriell kulturarv
Del kunnskap, erfaringar og døme frå arbeidet dykkar med immateriell kulturarv. Innspela skal bidra til Noregs periodiske rapport om gjennomføringa av UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven (2003-konvensjonen).

Vi ønskjer òg innspel om utfordringar og manglar i arbeidet med vern og vidareføring.

Svar på temaa som er relevante for dykk
Skjemaet har seks temadelar. Kvar del startar med eit spørsmål om de har innspel til temaet. Svar «Ja» dersom du har kunnskap, erfaringar eller døme å dele, eller vil peike på utfordringar eller manglar. Svarer du «Nei», går du rett til neste del. Du treng berre å svare på temaa som er relevante for arbeidet og erfaringane dine.
Gi konkrete døme og legg gjerne ved lenkjer til relevant informasjon. Kvar lenkje tel som eitt ord. Skriv maks. 350 ord per tekstsvar. Nummera ved spørsmåla viser til indikatorar eller spørsmål i UNESCOs originale rapporteringsskjema. Derfor følgjer ikkje nummereringa ei samanhengande rekkjefølgje.

I dette innspelsskjemaet bruker vi forkortinga *IKA* for immateriell kulturarv.

Slik bruker vi innspela
Kulturdirektoratet analyserer innspela og samanstiller dei i eit utkast til Noregs periodiske rapport. Vi sender utkastet ut til ein siste innspelsrunde før vi ferdigstiller rapporten våren 2027.

Slik behandlar vi personopplysningar
Personopplysningane i dette skjemaet skal brukast internt i Kulturdirektoratet og blir ikkje

Kontaktopplysningar

Oppgi namn og type organisasjon, institusjon, gruppe eller miljø du svara på vegner av. Desse opplysningane vil bli brukte i Noregs rapport til UNESCO for å vise kva aktørar som har bidrege til utarbeidinga av rapporten. Kontaktopplysnigane til kontaktpersonen blir berre brukt til å følgje opp innspelet og blir ikkje publiserte.

1. A.3 - Namn på organisasjonen eller institusjonen du svarar for *

2. A.3 - Kontaktperson (namn og rolle) *

3. A.3 - E-postadresse til kontaktperson *

4. A-3 - Kva type organisasjon eller institusjon svarar du for? *

- ◯ Offentleg institusjon
- ◯ Den norske UNESCO-kommisjonen
- ◯ Kultursenter
- ◯ Forskningsinstitusjon
- ◯ Kompetansesenter
- ◯ Universitet eller høgskule
- ◯ Museum
- ◯ Frivillig organisasjon
- ◯ Fylkeskommune eller kommune
- ◯ Anna lokal styresmakt
- ◯ Ideell eller allmennyttig organisasjon
- ◯ Aktør i privat sektor
- ◯ Andre

5. 5. Har du tidlegare gitt innspel til ein periodisk rapport til 2003-konvensjonen? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei
- ◯ Veit ikkje

Del 1: Ansvar og samarbeid om IKA (indikator 1)

Her kan du fortelje om kven som støttar IKA, og korleis menneske og organisasjonar samarbeider om å ta vare på han. Støtte kan til dømes vere pengar, kunnskap, rettleiing, lokale, utstyr eller arbeidsinnsats.

6. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om ansvar og samarbeid? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

7. 1.1.1 – Kjenner du til institusjonar eller andre aktørar som har eit formelt ansvar eller ei fagleg oppgåve med å ta vare på IKA?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

8. 1.1.1 – Dersom ja: Kva typar aktørar kjenner du til? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Departement og tilknytte offentlege organ
- [ ] Kultursenter
- [ ] Kompetansesenter
- [ ] Forskingsinstitusjonar
- [ ] Museum
- [ ] Arkiv
- [ ] Bibliotek
- [ ] Organisasjonar for bestemte uttrykk eller tradisjonar (anten dei er innskrivne eller ikkje)
- [ ] Andre

9. 1.1.1 – Fortel kort om aktørane og kva dei gjer.
Oppgi gjerne namn på fellesskap og lenkjer. Dersom arbeidet gjeld ein bestemt tradisjon, oppgi kva tradisjon det er. Dersom du svarte nei, skildre gjerne kva som manglar. Maks 350 ord.

10. 1.2.1 – Kjenner du til råd, nettverk eller andre samarbeidsordningar som gir ulike fellesskap, grupper og enkeltpersonar høve til å delta i arbeidet med IKA?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

11. 1.2.1 – Fortel kort om samarbeidet og kven som får delta. Skildre gjerne korleis deltakarane kan påverke arbeidet, eller kva moglegheiter som manglar. Maks 350 ord.

Del 2: Opplæring og utdanning (indikator 2–6)

Her kan du fortelje om korleis menneske lærer å utøve og vidareføre levande kulturarv. Det kan vere i skule og utdanning, på kurs eller gjennom andre organiserte læringsaktivitetar.
Delen handlar òg om kven som utformar, gjennomfører og deltek i opplæringa, korleis fellesskap, grupper, enkeltpersonar og fagpersonar blir involverte, og korleis opplæringa kan fremje respekt for eigen og andre sin IKA.

12. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om opplæring og utdanning? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

13. 2.1.1 – Kjenner du til opplæringstilbod om vern, vidareføring og forvaltning av IKA i Noreg?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

14. 2.1.1 – Dersom ja: Kven tilbyr eller gjennomfører opplæringa? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Offentlege institusjonar, senter og andre offentlege organ
- ☐ Organisasjonar og initiativ som er forankra i dei aktuelle fellesskapa
- ☐ Frivillige organisasjonar (NGO-ar)
- ☐ Andre

15. 2.1.1 – Dersom ja: Er opplæringa lagd til rette slik at menneske med ulik bakgrunn og ulike behov kan delta?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

16. Fortel kort om tilboda og korleis det blir lagt til rette for deltaking. Skildre gjerne barrierar, til dømes pris, språk, reiseveg eller manglande tilrettelegging. Maks 350 ord.

17. 3.1.1 – Kven er opplæringa retta mot? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Fellesskap, grupper og enkeltpersonar
- ☐ Fagpersonar innan kultur og kulturarv
- ☐ Ingen av desse

18. 3.1.1 – Fortel kort om målgruppene. Du kan vise til tilbod du allereie har skildra under 2.1.1. Maks. 350 ord.

19. 4 – Blir IKA overført eller brukt som grunnlag for undervisning og læring i Noreg? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Formell opplæring
- [ ] Ikkje-formell opplæring
- [ ] Ingen av desse

20. 4.1.1 – Deltek fellesskap, utøvarar, tradisjonsberarar, frivillige organisasjonar eller kulturarvsinstitusjonar i å utforme, utvikle og gjennomføre opplæringsprogram om IKA og/eller aktivitetar utanfor den ordinære undervisninga?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

21. 4.1.1 – Dersom ja: Korleis deltek dei? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Fellesskap, utøvarar og tradisjonsberarar deltek i å utforme, utvikle og gjennomføre program eller aktivitetar, og presenterer og overfører aktivt sin eigen kulturarv
- [ ] Frivillige organisasjonar tilbyr program og/eller aktivitetar
- [ ] Kulturarvsinstitusjonar tilbyr program og/eller aktivitetar
- [ ] Andre kunst- og kulturinstitusjoner
- [ ] Andre

22. Fortel kort om deltakinga og eventuell støtte. Støtta kan vere pengar, fagleg hjelp, lokale, utstyr eller arbeidsinnsats. Skildre gjerne kven som har innverknad på innhaldet. Maks. 350 ord.

23. 4.2.1 – Bruker eller styrkjer opplæringstilbod måtar å lære vidare på som fellesskapa sjølve anerkjenner?
Det kan til dømes vere å lære gjennom å gjere, observere, delta saman eller lære direkte av ein erfaren utøvar.

- ◯ Ja
- ◯ Nei

24. 4.2.1 – Fortel kort om læringsmåtane og korleis dei blir brukte eller styrkte. Skildre gjerne kva som fungerer, eller kva som manglar. Maks. 350 ord.

25. 4.3.1 – Er metodar for å integrere IKA og arbeidet med å ta vare på han ein del av lærarutdanningar og opplæringstilbod for dei som underviser utanfor det formelle utdanningssystemet?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

26. 4.3.1 – Fortel kort om tilboda og metodane dei lærer. Legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du svarte nei, skildre gjerne behov for meir opplæring. Maks. 350 ord.

27. 5.1.1 – Korleis inngår ulike former for IKA i fag, læreplanar eller undervisning i grunnskulen og den vidaregåande skulen som du kjenner til? Kryss av for alle som passar.

- [ ] IKA inngår som eit eige fag eller emne i læreplanen
- [ ] IKA blir brukt i læreplanen for å forklare eller synleggjere andre fag
- [ ] IKA inngår gjennom opplæring på morsmålet
- [ ] IKA inngår gjennom fleirspråkleg opplæring
- [ ] IKA inngår gjennom lokalt innhald i læreplanar eller undervisning
- [ ] Andre måtar
- [ ] Ingen av desse

28. 5.1.1 – Gje døme og lenkjer, og oppgje kva alternativ kvart døme gjeld. Dersom ingen alternativ passar, gje ei kort forklaring. Maks 350 ord per kryss.

29. 5.2.1 – Lærer elevar å respektere og reflektere over IKA frå sitt eige eller andre sine fellesskap?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

30. 5.2.1 – Dersom ja: Kva lærer dei? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Dei lærer om IKA i sitt eige fellesskap
- ☐ Dei lærer å respektere andre sin IKA
- ☐ Anna

31. 5.2.1 – Gje døme frå undervisninga. Skildre gjerne korleis elevane får reflektere over eigen og andre sin kulturarv, med lenkjer. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

32. 5.3.1 – Gjev opplæringstilbod kunnskap om vern av natur- og kulturstader og minnestader som er nødvendige for å kunne uttrykkje og utøve IKA?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

33. 5.3.1 – Dersom ja, fortel kort om stadene og kva deltakarane lærer. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

34. 6.1.1 – Kjenner du til utdanning etter vidaregåande skule som styrkjer kunnskap om, utøving eller vidareføring av levande kulturarv?
Ta med både fagskule, teknisk og yrkesretta utdanning og studium ved universitet eller høgskule.

- ◯ Ja
- ◯ Nei

35. 6.1.1 – Dersom ja: Kva tilbod finst? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Akademiske læreplanar, studium eller gradar om IKA som styrkjer ivaretaking, utøving, overføring, forvaltning og studium av dei sosiale og kulturelle sidene ved kulturarven – mellom anna innan musikk, kunst, handverk eller andre fagområde
- ☐ Teknisk og yrkesfagleg utdanning og opplæring, inkludert læreplanar og kvalifikasjonar
- ☐ Andre tilbud

36. 6.1.1 – Gje døme og lenkjer, og oppgje kva alternativ kvart døme gjeld. Svarte du nei, gje ei kort forklaring. Maks 350 ord per kryss.

37. 6.1.2 – Er desse tilboda lagde til rette slik at menneske med ulik bakgrunn og ulike behov kan delta på likeverdige vilkår?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

38. 6.1.2 – Fortel kort om målgrupper og tiltak som gjer det lettare å delta. Skildre gjerne barrierar eller manglande tilrettelegging. Maks. 350 ord.

Del 3: Forsking, dokumentasjon og bruk av kunnskap om IKA (indikator 9–10)

Her kan du fortelje om forsking, innsamling, dokumentasjon og arkivering av levande kulturarv. Dokumentasjon kan til dømes vere intervju, bilete, lydopptak, film eller skriftlege skildringar. Vi spør òg om kven som deltek, kven som får tilgang, og korleis kunnskapen blir brukt.

39. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om forsking, dokumentasjon eller bruk av kunnskap? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

40. 9.1.1 – Kjenner du til økonomisk eller anna støtte til forsking, dokumentasjon eller arkivering som skal bidra til å ta vare på levande kulturarv, inkludert støtte til relevante institusjonar, organisasjonar og initiativ?
(Ta berre med tiltak som er i samsvar med UNESCOs etiske prinsipp for vern av immateriell kulturarv: https://ich.unesco.org/en/ethics-and-ich-00866)

- ◯ Ja

41. 9.1.1 – Dersom ja: Kva type støtte finst? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Støtte til forsking og vitskaplege, tekniske eller kunstnariske studiar, inkludert støtte til relevante institusjonar, organisasjonar og initiativ
- ☐ Støtte til dokumentasjon og arkivering, inkludert støtte til relevante institusjonar, organisasjonar og initiativ
- ☐ Anna

42. 9.1.1 – Fortel kort om støtta, kven som får henne, og kva ho blir brukt til. Skildre gjerne støttebehov eller manglar. Legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Maks. 350 ord.

43. 9.1.2 – Blir etiske omsyn tekne i forskinga og dokumentasjonen du kjenner til?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

44. 9.1.2 – Fortel kort om korleis etiske omsyn blir tekne, eller kva utfordringar du kjenner til. Oppgi gjerne kva prinsipp eller retningslinjer som blir brukte. Legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Maks. 350 ord.

45. 9.2.1 – Deltek utøvarar og tradisjonsberarar i å styre og gjennomføre forskinga og i å formidle resultata med fritt, førehandsinformert og opplyst samtykke før oppstart og gjennom heile arbeidet?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

46. 9.2.1 – Fortel kort om korleis dei deltek og kan påverke arbeidet. Skildre korleis samtykke blir henta inn og følgt opp. Oppgi gjerne om deltakinga varierer mellom styring, gjennomføring og formidling. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

47. 10.1.1 – Får fellesskap, grupper og enkeltpersonar tilgang til dokumentasjon og forskingsresultat, samtidig som deira eigne reglar og praksisar for tilgang blir respekterte?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

48. 10.1.1 – Dersom ja: Vel graden av tilgang.

- ◯ Høg grad av tilgang
- ◯ Delvis tilgang
- ◯ Avgrensa tilgang
- ◯ Ingen tilgang

49. 10.1.1 – Utdjup svaret: Ved høg grad av eller delvis tilgang, gje døme og lenkjer. Ved avgrensa eller ingen tilgang, forklar kva utfordringar som finst. Svarte du nei, gje ei kort forklaring. Maks 350 ord.

50. 10.2.1 – Blir resultat frå forsking, dokumentasjon og vitskaplege, tekniske og kunstnariske studiar av IKA brukte utover sjølve forskingsarbeidet?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

51. 10.2.1 – Dersom ja: Til kva? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Til å styrkje politikkutforming på tvers av sektorar
- ☐ Til å støtte framhald av utøving og overføring av IKA og betre ivaretakinga
- ☐ Til andre føremål

52. Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

Del 4: Livskvalitet, berekraft og inkludering (indikator 15–16)

Her kan du fortelje om korleis levande kulturarv bidreg til tilhøyrsle, livskvalitet, kunnskap og respekt. Vi spør òg om kulturarven får plass i samfunnsutviklinga, og kven som blir inkluderte i planar og tiltak. Berekraftig utvikling betyr her å møte dagens behov utan å svekkje moglegheitene for framtidige generasjonar.

53. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om livskvalitet, berekraft eller inkludering? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

54. 15.1.1 – Kjenner du til at menneske aktivt bruker levande kulturarv for å styrkje livskvalitet, samarbeid eller respekt?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

55. 15.1.1 – Dersom ja: På kva måtar? Kryss av for alle som passar.

- ☐ For livskvalitet og velferd, òg i tiltak for berekraftig utvikling
- ☐ For dialog, gjensidig respekt, konfliktløysing og fredsbygging
- ☐ På andre måtar

56. 15.1.1 – Gje gjerne døme på bruken og kva han betyr for deltakarane. Skildre gjerne utfordringar eller moglegheiter som ikkje blir følgde opp. Legg gjerne ved lenkjer. Maks. 350 ord.

57. 15.2.1 – Tek tiltak for samfunnsutvikling omsyn til betydninga av IKA?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

58. 15.2.1 – Dersom ja: Korleis? Kryss av for alle som passar.

- ☐ Som kjelde til identitet og kontinuitet
- ☐ Som kjelde til kunnskap og ferdigheiter
- ☐ Som ressurs for berekraftig utvikling

59. 15.2.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

60. 16.1.1 – Kva grupper blir inkluderte i planar og tiltak for å verne IKA som du kjenner til? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Urfolk
- [ ] Nasjonale minoriteter
- [ ] Grupper med ulike etniske identitetar
- [ ] Migrantar, innvandrarar og flyktningar
- [ ] Menneske i ulike aldersgrupper
- [ ] Menneske med ulike kjønn
- [ ] Personar med funksjonsnedsetjingar
- [ ] Medlemmer av grupper i utsette eller marginaliserte situasjonar
- [ ] Andre
- [ ] Ingen av desse

61. 16.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva gruppe kvart døme gjeld. Dersom ingen alternativ passar, gje ei kort forklaring. Maks. 350 ord.

62. 16.2.1 – Bidreg planane og tiltaka til stoltheit og respekt for eigen kulturarv, og til gjensidig respekt mellom ulike fellesskap, grupper og enkeltpersonar?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

63. 16.2.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

Del 5: Formidling, medium og etikk (indikator 17–20)

Her kan du fortelje om korleis fellesskap, grupper og enkeltpersonar synleggjer levande kulturarv og bidreg til å verne og vidareføre han gjennom aktivitetar, medium, digitale kanalar og offentleg informasjon. Vi spør òg om unge si deltaking, mediedekning og samarbeid med medieaktørar, og om arbeidet fremjar inkludering og gjensidig respekt, bruker språka til fellesskapa og følgjer omgrepa og dei etiske prinsippa i konvensjonen. Dette omfattar fritt, førehandsinformert, opplyst og vedvarande samtykke og omsynet til dei ideelle og økonomiske interessene til fellesskapa, gruppene og enkeltpersonane.

64. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om formidling, medium eller etiske omsyn? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

65. 17.1.1 – Legg aktivitetar som synleggjer IKA til rette for brei deltaking frå fellesskap, grupper og enkeltpersonar, med fritt, førehandsinformert, opplyst og vedvarande samtykke før oppstart og gjennom heile arbeidet?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

66. 17.1.1 – Fortel kort om deltakinga og korleis samtykke blir sikra. Skildre gjerne kven som kan påverke innhaldet, og kven som eventuelt ikkje får delta. Maks. 350 ord.

67. 17.1.2 – Blir dei ideelle og økonomiske interessene til fellesskapa, gruppene og enkeltpersonane varetekne på ein forsvarleg måte i slike aktivitetar?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

68. 17.1.2 – Fortel kort om korleis interessene blir tekne vare på, eller kva utfordringar som finst. Gje gjerne konkrete døme med lenkjer. Maks. 350 ord.

69. 17.2.1 – Kjenner du til tiltak som gjer det lettare for unge å delta aktivt i å synleggjere levande kulturarv?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

70. 17.2.1 – Fortel kort om tiltaka og kva unge får gjere. Skildre gjerne kva som gjer deltaking lettare eller vanskelegare. Maks. 350 ord.

71. 17.2.2 – Deltek unge i å samle inn og formidle informasjon om IKA i sine eigne fellesskap?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

72. 17.2.2 – Gje gjerne døme på kva unge samlar inn og formidlar. Skildre gjerne kva innverknad dei har på arbeidet. Maks. 350 ord.

73. 17.3.1 – Bruker fellesskap, grupper eller enkeltpersonar digitale verktøy, medium eller andre kommunikasjonskanalar for å vise kvifor IKA er viktig og bør takast vare på?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

74. 17.3.1 – Fortel kort om kanalane og korleis dei blir brukte. Skildre gjerne kven formidlinga når fram til. Maks. 350 ord.

75. 18.1.1 – Bidreg medieomtale eller medieinnhald om IKA til merksemd, respekt eller inkludering, eller til å bruke språka til fellesskapa?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

76. 18.1.1 – Dersom ja: Kva bidreg media til? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Skaper merksemd om mangfaldet av IKA, verdien av han og behovet for ivaretaking
- [ ] Fremjar gjensidig respekt mellom fellesskap, grupper og enkeltpersonar
- [ ] Bruker språka til dei aktuelle fellesskapa og gruppene
- [ ] Fremjar inkludering, til dømes ved å vende seg til ulike målgrupper og fellesskap og dekkje ulike former for IKA
- [ ] Anna

77. 18.1.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

78. 18.2.1 – Kjenner du til samarbeid mellom dei som arbeider med eller utøver levande kulturarv, og medieaktørar om konkrete aktivitetar eller program?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

79. 18.2.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

80. 18.3.1 – I kva grad samsvarer framstillinga media gir av IKA og arbeidet med å verne han, med forståinga i UNESCOs konvensjon?

- ◯ I stor grad
- ◯ Delvis
- ◯ I avgrensa grad
- ◯ Ikkje i det heile teke
- ◯ Ikkje relevant

81. 18.3.1 – Utdjup svaret: Dersom du har valt «I stor grad» eller «Delvis», gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har valt «I avgrensa grad», «Ikkje i det heile teke» eller «Ikkje relevant», forklar kva utfordringar du møter.

82. 19.1.1 – Kjenner du til informasjonstiltak eller aktivitetar i offentleg regi som gjer IKA og arbeidet med å verne han betre kjent?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

83. 19.1.1 – Dersom ja: Kva tiltak? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Politikk og program som anerkjenner utøvarar og tradisjonsberarar offentleg på ein inkluderande måte
- [ ] Offentlege arrangement om IKA, verdien av han, ivaretaking og konvensjonen
- [ ] Program som fremjar og spreier gode metodar for ivaretaking
- [ ] Andre

84. 19.1.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

85. 19.1.2 – Kven er offentlege arrangement retta mot? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Fellesskap, grupper og enkeltpersonar
- [ ] Allmenta
- [ ] Forskarar
- [ ] Medium
- [ ] Andre aktørar
- [ ] Ikkje relevant

86. 19.1.2 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer til arrangement og målgrupper. Maks. 350 ord.

87. 19.2.1 – Fremjar offentleg informasjon om IKA gjensidig respekt og anerkjenning innad i og mellom fellesskap og grupper?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

88. 19.2.1 – Dersom du har svart ja, gje døme og legg gjerne ved lenkjer til kjelder eller relevant materiale. Dersom du har svart nei, forklar kort kvifor. Maks. 350 ord.

89. 20.1.1 – Kva etiske prinsipp blir følgde i aktivitetar som synleggjer IKA? Kryss av for alle som passar.

- ☐ UNESCOs etiske prinsipp for vern av immateriell kulturarv
- ☐ Etiske prinsipp i relevante profesjonsetiske regelverk og standardar
- ☐ Ingen av desse

90. 20.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva alternativ kvart døme gjeld. Dersom ingen alternativ passar, gje ei kort forklaring. Maks. 350 ord.

Del 6: Deltaking og oppfølging av arbeidet med IKA (indikator 21–22)

Her kan du fortelje om korleis fellesskap, grupper, enkeltpersonar, frivillige organisasjonar, andre sivilsamfunnsaktørar og private aktørar deltek i å ta vare på levande kulturarv i tråd med relevante etiske prinsipp. Vi spør òg om kva moglegheiter og rammevilkår desse aktørane, saman med forskarar, ekspertar og fagmiljø, har til å følgje opp arbeidet og undersøkje tiltak gjennom vitskaplege, tekniske og kunstnariske tilnærmingar.

91. Har du erfaringar, døme eller utfordringar å dele om deltaking og oppfølging? *

- ◯ Ja
- ◯ Nei, gå vidare til neste del

92. 21.1.1 – I kva grad deltek fellesskap, grupper og enkeltpersonar i å verne IKA samtidig som dei etiske prinsippa blir respekterte?

- ◯ Høg
- ◯ Delvis
- ◯ Avgrensa
- ◯ Ingen
- ◯ Ikkje relevant

93. 21.1.1 – Utdjup svaret: Gje døme og lenkjer. Fortel kort om deltakinga og korleis etiske omsyn blir tekne. Skildre gjerne kven som har innverknad, og kva barrierar som finst. Maks. 350 ord.

94. 21.1.1 – I kva grad deltek frivillige organisasjonar og andre aktørar i sivilsamfunnet i å verne IKA, samtidig som etiske omsyn blir tekne?

- ◯ Høg
- ◯ Delvis
- ◯ Avgrensa
- ◯ Ingen
- ◯ Ikkje relevant

95. 21.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva aktørgruppe kvart døme gjeld. Maks. 350 ord.

96. 21.1.1 – I kva grad deltek aktørar i privat sektor i vern av IKA, samtidig som dei etiske prinsippa blir respekterte?

- ◯ Høg
- ◯ Delvis
- ◯ Avgrensa
- ◯ Ingen
- ◯ Ikkje relevant

97. 21.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva aktørgruppe kvart døme gjeld. Maks. 350 ord.

98. 21.1.1 – I kva grad deltek andre aktørar i vern av IKA, samtidig som dei etiske prinsippa blir respekterte?

- ◯ Høg
- ◯ Delvis
- ◯ Avgrensa
- ◯ Ingen
- ◯ Ikkje relevant

99. 21.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva aktørgruppe kvart døme gjeld. Maks. 350 ord.

100. 22.1.1 – Er det lagt til rette for at fellesskap, frivillige organisasjonar, forskarar og andre aktørar kan delta og gjennomføre vitskaplege, tekniske og kunstnariske studiar av program og tiltak for vern og vidareføring av IKA?

- ◯ Ja
- ◯ Nei

101. 22.1.1 – Dersom ja: For kva aktørar? Kryss av for alle som passar.

- [ ] Fellesskap, grupper og enkeltpersonar
- [ ] Frivillige organisasjonar, andre NGO-ar og sivilsamfunnsorgan
- [ ] Forskarar, ekspertar, forskingsinstitusjonar og kompetansesenter
- [ ] Andre

102. 22.1.1 – Utdjup svaret: gje døme og lenkjer, og oppgje kva aktørgruppe kvart døme gjeld. Svarte du nei, gje ei kort forklaring. Maks. 350 ord.

Avslutning

Her kan du dele erfaringar, døme, utfordringar eller prioriteringar som ikkje er fanga opp av dei tidlegare spørsmåla.Takk for at du bidreg til Noregs periodiske rapportering til UNESCO.

103. Er det anna du ønskjer å formidle til arbeidet med Noregs rapport? Maks. 350 ord.

Dette innholdet er verken opprettet eller godkjent av Microsoft. Dataene du sender, sendes til skjemaeieren.

Microsoft Forms

Tilpass takkemeldingen

Takk for innspelet! Svaret er sendt til Kulturdirektoratet. Du kan lagre svaret via lenkja under for å redigere det seinare. Spørsmål om skjemaet kan sendast til kirstine.moller.gray@kulturdirektoratet.no